



Jobbnorge-ID: 112215

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Studiesjef

Det humanistiske fakultet søker ein inspirerende og målbevisst leiar for seksjon for studium- og forskarutdanning frå 1. august 2015.

Studiesjefen er daglig leiar av seksjon for studium- og forskarutdanning og har fakultetsdirektøren som næraste overordna. Studiesjefen inngår i fakultetet si leiargruppe og samarbeider tett med den faglege leiinga.

Seksjon for studium- og forskarutdanning er ein av 3 seksjonar ved fakultetsadministrasjonen. Seksjonen tel 7 medarbeidarar og har ansvar for oppgåver knytt til koordinering og samordning på tvers av institutta, inkludert Informasjonssenteret for studentar, koordinering av lektorutdanninga, forskarutdanning, internasjonalisering, lokalt opptak og spesialistfunksjonar som til dømes Felles Studentsystem (FS). For meir informasjon om fakultetet og våre studieprogram sjå: <http://www.uib.no/hf>

Sentrale oppgåver

- personalansvar for medarbeidarane ved seksjonen og resultatansvar for studieadministrativt felt
- kvalitetssikring, rutineutvikling og rapportering i nært samarbeid med institutta/sentra ved fakultetet
- dagleg drift og tilrettelegging for effektiv og kvalitetssikra sakshandsaming
- bidra til strategi- og planarbeid
- prosjektleiing, koordinering, utrednings- og utviklingsoppgåver
- forberede saker for studiestyret og fakultetsstyret og følgje opp vedtak
- ansvar for eit godt samarbeid med interne og eksterne samarbeidspartnarar ved universitetet og i omverda

Kvalifikasjonskrav

- gode leiareigenskapar og relevant leiarerfaring
- relevant praksis og utdanning på masternivå
- gode kunnskapar i både norsk og engelsk, skriftleg og munnleg
- god kjennskap til offentleg forvalting og universitets- og høgskolesystemet
- erfaring frå studieadministrasjon og utgreiingsoppgåver på høgt nivå

Personlege eigenskapar

Det vil bli lagt stor vekt på personlege eigenskapar. Vi ønskjer ein seksjonsleiar som har:

- ein motiverande leiarstil prega av gode samarbeidsevner og dialog
- evne til å leie prosessar med fokus på mål, framdrift og resultat
- evne til å ta initiativ og skape engasjement
- evne til å skape eit godt samspel på tvers av faglege og organisatoriske grenser
- stor arbeidskapasitet og effektiv, strukturert og kvalitetsbevisst arbeidsstil

Vi tilbyr

- utviklande leiaroppgåver og betydeleg handlingsrom
- eit godt og inkluderande arbeidsmiljø
- dyktige kollegaer
- gode velferdsordningar
- løn som seksjonssjef etter lønsssteg 65-69 (kode 1211) i det statlege lønsregulativet, for særskilt kvalifiserte søkjarar kan det vurderast høgare løn
- medlemskap i Statens pensjonskasse

Andre opplysningar

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å kontakte assisterande fakultetsdirektør Kim Ove Hommen på telefon 55 58 93 41 eller e-post kim.hommen@hf.uib.no eller fakultetsdirektør Trine Moe på telefon 99 23 71 47 eller e-post trine.moe@uib.no.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogeleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med nedsett funksjonsevne og personar med innvandrarbakgrunn. Personar med

nedsett funksjonsevne og personar med innvandrarbakgrunn blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad med CV og relevante vedlegg som attester og vitnemål skal sendast elektronisk via «SØK STILLINGEN» på denne sida. Søknader utan vedlegg vert ikkje vurderte.

Søknadsfrist: 16.04.2015

Merk søknaden med: 15/3602

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: